

Kultur- Og Likestillingsdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Statsråd Lubna Jaffery

Vår ref.:
20/17053-12

Dykkar ref.:

Saksbehandlar:
Jenny Følling

Dato:
13.01.2025

Støtte til VM i vektløfting i Førde 2025

Sunnfjord kommune er kjent med at administrasjonen for VM i vektløfting 2025 har søkt Kultur- og likestillingsdepartementet om ekstra støtte til VM 2025 i Førde.

Sunnfjord kommune og Vestland Fylkeskommune støttar arrangementet økonomisk med NOK 15 mill., og oppmodar på det sterkaste om at Kulturdepartementet støttar søknaden deira.

Vektløfting har vore ein del av olympiske leikar heilt sidan 1896. Sporten tiltrekkjer seg utøvarar frå heile verda og land som Kina, USA og frå Europa og Asia har sterke tradisjonar knytt til denne idretten. Det er venta å komme mellom 500-700 deltakarar frå omlag 120 nasjonar. TV-messig vert VM i Vektløfting 2025 det største norske idrettsarrangementet nokosinne. Det er selt TV-rettar til ca. 85 land!

For Norge, Vestland og Sunnfjord vil eit slikt arrangement ha stor verdi både med tanke på internasjonal eksponering, mediedekning, reiselivsutvikling og styrking av lokal stoltheit, fellesskap og idrettsglede. Verdiskapinga gjennom slike arrangementet er enorm.

Det er særleg viktig å peike på det sportslege aspektet og det sterke engasjementet denne idretten har hatt over lang tid lokalt i Tambarskjelvar IL i Naustdal og AK Bjørgvin i Bergen. Som kjent har regionen fostra mange talentfulle vektløftarar som har gjort det særns bra både nasjonalt og internasjonalt. OL vinnar i Paris og årets kvinnelege utøvar på Idrettsgallaen i Trondheim, Solfrid Koanda har i periodar hatt treningsopplegget i Naustdal med Stian Grimseth som trenar, og gjer forventningane fram til VM på heimebane ekstra stor. Kong Harald har også meldt sin åtkomst til VM 2025, noko vi synest er ekstra stas og viser kva merksemd og posisjon norsk vektløfting er byrja å få.

Førde og Naustdal arrangerte eit svært vellukka EM i vektløfting 2016. Den erfaringa vi fekk då er gull verdt. Ikkje minst har det sett heile regionen på kartet som ein viktig arena for store sportsarrangement. Som vertskap for VM i vektløfting i 2025 vil vi ytterlegare få endå betre infrastruktur og fasilitetar for denne idretten og slike typar arrangement, og sette Norge på verdskartet.

Samla spelar Førde, Sunnfjord og Vestland ei viktig rolle i å fremje vektløfting i Norge. Arrangement som VM i 2025 vil i endå større grad styrke denne posisjonen.

Vi håpar Kulturdepartementet finn å kunne støtte søknaden om ekstra midlar til VM 2025 i Førde.

Med helsing

Jenny Følling
Ordførar i Sunnfjord kommune

Jon Askeland
Fylkesordførar i Vestland fylkeskommune

Dette brevet er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.

Kopi til:

Vm Vektløfting 2025 As c/o Vestland Idrettskrets Firdavegen 6 6800 Førde